

EKSPANSJONISME ELLER TRYGGINGSPOLITIKK? VESTLEGE HALDNINGAR TIL SOVJETUNIONEN OG RUSSLAND FRÅ 1945 TIL I DAG

I tittelen på denne artikkelen ligg det to utgangstesar: For det første at dei vestlege oppfatningane om motiva bak sovjetisk og seinare russisk politikk er avgjerande for vestleg politikk overfor for denne stormakta. Og for det andre at dette også kan tilbakeførast til spørsmålet om kva vekt ein kan leggja på historiske erfaringar i vurderinga av internasjonal politikk. Utgangspunktet mitt er den aktuelle situasjonen etter Ukrainakrisa i 2014. Dette er eit viktig og særskilt aktuelt døme på det som er ein meir allmenn problematikk om korleis Vesten ser på Russland. Eg vil difor i første delen av artikkelen gå inn i diskusjonen om kor vidt eit historisk perspektiv er relevant eller ikkje for måten vesten møter den russiske politikken på. Deretter vil eg sjå nærare på korleis vurderinga av sovjetiske og russiske motiv har slått inn i vestleg politikk tilbake til andre verdskrig. Eg avsluttar med ei drøfting av korleis ei større forståing av motiva til «den andre» og av korleis historiske erfaringar spelar inn i politikken, kan vera ein plattform for ein kurs ut av den vestlege konfrontasjonslinja som har vore ført sidan 2014.

Maidanopprøret i 2014 – år null?

I diskusjonen om den aktuelle Ukraina-krisa er det to hovudtilnærmingar, slik eg oppfattar det: Den eine legg hovudvekta på den krisa som oppstod i februar 2014, Maidan-opprøret, gjerne med ei linje tilbake til president Yanukovitsch si beslutning i november 2013 om å avvise tilbodet om ein avtale med EU. Den andre tilnærminga inneber å trekka lengre linjer i historia, både korte og lange, i forklaringa på russisk politikk overfor Ukraina. Grovt sett kan ein kanskje også seia at dette i debatten om Ukraina-krisa svarer til eit skilje mellom analysar basert på eit liberalt eller idealistisk syn på internasjonal politikk og eit realistisk syn. Tittelen på denne artikkelen peiker i retning av at eg sluttar meg til den andre hovudposisjonen, men samtidig vil eg argumentera for at det også er nødvendig å overskride dikotomien mellom den realistiske og idealistiske forståinga. Når eg meiner historie er viktig for forståinga av statane sin internasjonale politikk, handlar det om å forstå dei motiv og interesser som ligg bak dei statlige aktørane sin politikk. Det dreier seg om å forstå «den andre». Samstundes er det problematisk i ei globalisert verd der folkeretten har fått ei styrka stilling, å akseptera at prinsipp og allment aksepterte internasjonale spelereglar skal

underordast maktpolitikken. Eg vil mot slutten av denne artikkelen diskutera problema Ukraina-krise reiser i lys av erfaringar og modellar som er valt i det nordvestre hjørnet av Europa.

Først vil eg kort rekapitulere dei viktigaste argumenta for at historisk argumentasjon *ikkje* er relevant for vestleg respons på russisk politikk overfor Ukraina etter februar 2014. Dei viktigaste punkta i argumentasjonen for dette er at Janukovitsj si beslutning om å ikkje akseptera avtalen med EU i november 2013 var resultat av eit illegitimt russisk press. Dette er då det legitime grunnlaget for at folket reiste seg i protest i Kiev og andre stader, noko som resulterte i at parlamentet avsette presidenten og utlyste nyval. Russland svarte på dette med folkerettsleg ulovleg annekasjon av Krim, i strid med Budapest-memorandumet frå 1994, og ein hybrid krigføring til fordel for separatistar i Aust-Ukraina, også i strid med folkeretten. Ut frå eit liberalt eller idealistisk grunnsyn på internasjonal politikk er dette nok. Alle argument frå russisk hald blir avvist – dei antirussiske tiltaka som vart vedtatt i dei første dagane etter presidentens fall, vart trekt tilbake etter påtrykk frå EU, den overveldande majoriteten på Krim for å slutta seg til den russiske republikken var irrelevant fordi folkeavstemminga mangla folkerettsleg grunnlag, og russiske tryggingspolitiske vurderingar vart avvist med tilvising til at eit kvart land har rett til å velja sine internasjonale partnarar.¹

Den amerikanske utanriksministeren John Kerry uttalte våren 2014: «You don't in the twenty-first century behave in nineteenth century fashion by invading another country on completely trumped-up pretext», og i mai 2015 sa visepresident Joe Biden: «We will not recognize any nation having a sphere of influence», seinare gientatt av president Obama sjølv.² Sjølv sagt er det lett å latterleggjera dette ved å visa til amerikansk praksis, men som den liberale historikaren Timothy Garton Ash skreiv i ein kommentarartikkel i *The Guardian* i februar 2015: «two wrongs don't make a right!».³ Statar har ikkje rett til å instruera andre suverene statar til å vera ein nøytral buffer, tida for Jaltakonferansens prinsipp er ute. I tråd med dette synet må ikkje bare Russland straffast, slik sanksjonspolitikken går ut på. Tida er inne for å forsyna Kievregimet med våpen, meiner dei mest militante. Dette var eit aukande krav i USA, til dømes frå publisisten Anne Appelbaum, men vi såg også slike tankar her til lands. Statsvitaren Iver Neumann gjekk endå eit steg lenger i eit intervju med *Dag og Tid* i februar 2015. På spørsmålet om det også kunne bli aktuelt å setja inn Nato-fly for å bomba russiske eller pro-russiske styrkar, svarte han: «Det må kanskje til. I så fall har vi ein interessant situasjon». ⁴

Det er på dette grunnlaget EU og Nato har gått til harde sanksjonar mot Russland. Det er omsynet til konsekvensane av den russiske politikken overfor eit naboland som legitimerer dette – utan at den russiske politikken blir konfrontert, kan det vera fleire dominobrikkar som fell. Og her blir det gjerne vist til historia, men då som analogiar. Hilary Clinton samanlikna til

dømes Russlands politikk overfor Ukraina med den politikken Hitler førte på slutten av 1930-talet⁵, andre har vist til Chamberlains appeasementpolitikk i 1938 som døme på korleis det går når ein ikkje konfronterer ekspansjonistiske statar.

Dette er den liberale eller idealistiske tilnærminga til dagens Ukraina-krise. Prinsippa er det avgjerande, og då utgjør 2014 eit år null i ei historie som starta med annekasjonen av Krim. Korleis ser biletet ut dersom ein ser dette frå russisk side og trekk linjene lenger tilbake? Det er særleg ein del prominente amerikanske realistar som har argumentert for ei slik tilnærming. Først ut var Henry Kissinger i ein mykje referert kommentar i Washington Post alt 5. mars i 2014. Her skriv han at «Putin is a serious strategist – on the premises of Russian history». Ukraina er for Russland ikkje kva som helst utland. Både historiske forhold og strategiske forhold, særleg knytt til svarte-havsflåten i Sevastopol på Krim, gjer at Ukraina må verka som ei bru mellom aust og vest og ikkje bør velja det eine eller det andre. Dette var ein analyse som argumenterte for at Russland måtte akseptera at Ukraina gjorde sine egne politiske val, men at Ukraina samtidig måtte ta omsyn til russisk frykt for eigen tryggleik etter lang tids vestleg framrykking i aust og til dømes avstå frå medlemskap i Nato.

Særleg merksemd har ein artikkel av John Mearsheimer i *Foreign Affairs* i september 2014 fått. Mearsheimer er professor i statsvitskap ved Universitetet i Chicago og neo-realist. Det er då også hans realisme som ligg til grunn for analysen av Ukraina-krisa, men poenget i denne samanhengen er korleis han set det inn i eit historisk perspektiv. Kjernen er formuleringa: «it is the Russian, not the West, who ultimately get to decide what counts a threat to them».⁶ Og trusselen, sett frå Moskva, er det som blir oppfatta som vestleg innsirkling. Først Nato-utvidingane: Den første kom i 1999 med Tsjekkoslovakia, Ungarn og Polen. Framfor denne uttalte den gamle diplomaten og oppdemningspolitikkenes far, George Kennan, at natoutvidingar austover ville vera «a fatefull error», noko som ville oppildna nasjonalistiske og antivestlege tendensar i opinionen, ha ein negativ effekt på demokrati-utviklinga og gjenskapa den kalde krigens atmosfære.⁷

Så kom Bulgaria, dei baltiske landa, Romania, Slovakia og Slovenia med i den vestlege militæralliansen i 2004. I 2008 var det eit Nato-møte der Georgia og Ukraina fikk eit slags kandidatmedlemskap. Putin uttalte då at Nato sine utvidingar representerte «a direct threat to Russia». Ingen kan vera i tvil om at dette var hovudårsaka både til at georgiske styrkar gjekk inn i Sør-Ossetia og til det knusande russiske svaret på dette nokre månader seinare.⁸ Året etter vart Albania og Kroatia natomedlemmer. Det var ei tilsvarende austleg rørsle frå EU si side. Dei austuropeiske landa vart medlemmer av EU, og i 2008 kom «The Eastern Europe Partnership initiative» som også inkluderte Ukraina. Den assosieringsavtalen EU lanserte overfor Ukraina i november 2013 var ikkje bare ein frihandelsavtale. Den hadde også

ein viktig tryggingdimensjon, «with the aim of Ukraine's deeper involvement in the European security area», som det heitte.⁹ Russland såg desse vestlege framrykkingane som koordinert og samla, som ein freistnad på å skapa ein vestlig «innflytelsessfære», som den russiske utanriksministeren Sergey Lavrov formulerte det, før hendingane på Maidan-plassen.¹⁰ Alt dette var bakgrunnen for dei russiske reaksjonane på regimeskiftet i februar 2014.

Mearsheimer ser dei ulike tenkemåtene i Moskva og på vestleg side ut frå at Putin argumenterer og handlar i tråd med realismens logikk, mens dei vestlege politikanane handlar i tråd med ein idealistisk logikk, ein tenkemåte som vart festa under Clinton-regimet på 1990-talet då USA stod aleine som supermakt.¹¹ På dette punktet er han heilt på linje med Henry Kissinger, som i si siste bok *World order* meiner den internasjonale orden må sikrast på grunnlag av eit modernisert westphalisk system, som balanserer universelle prinsipp med «the recognition of the reality of other region's histories and cultures».¹² Både Mearsheimer og Kissinger legg til grunn at Russlands rolle i Ukraina-krisa er bestemt av kva som blir oppfatta som vitale tryggingssinteresser. For begge er det slik at løysinga på krisa er at Ukraina må få velja sin eigen politiske kurs, men samstundes må landet godta å vera ein nøytral buffer og ei bru mellom aust og vest. Samuel Huntington var inne på det same i sin bok om *The Clash of Civilizations*, publisert mest tjue år tidlegare, då han viste til kor grunnleggjande delt Ukraina var. Staten kunne bare overleve dersom den samarbeidde nært med Russland.¹³

Problemet med dette er sjølvstøtt forholdet til folkeretten. Eit realistisk svar på det er at folkeretten alltid blir sett til side når stormakter føler at vitale tryggingssinteresser er trua. Mearsheimer viser til dømes til den amerikanske Monroedoktrinen, som var legitimeringsgrunnlaget for invasjonen på Cuba i 1961. Natos angrep på Serbia i 1999 og seinare anerkjenninga av regionen Kosovo som ny stat blir også brukt som døme på at også vestlege statar har eit situasjonsbestemt forhold til folkeretten. Rein Müllerson, tidlegare professor i internasjonal rett ved Kings College, London, rådgivar for Gorbatsjov på slutten av 1980-talet og viseutanriksminister i Estland etter sjølvstendet i 1991, har det same utgangspunktet. Folkeretten fungerer i ein normalsituasjon, men blir sett til side når vitale tryggingssinteresser står på spel. Det er slik han ser den russiske annekseringa av Krim og den seinare involveringa i Aust-Ukraina. Müllerson peiker også på folkerettsstridig innblanding frå vestlig side. Han nemner til dømes den franske presidenten Charles de Gaulles besøk i Quebec i juli 1967, då han på balkongen i Montreal City Hall vart så gripen av den varme velkomsten at han ropte «Vive le Quebec libre!». Canada leverte ein offisiell protest og episoden forsura forholdet mellom Canada og Frankrike. Det var eit inngrep i eit lands indre forhold. Denne innblandinga var av langt mindre omfang enn det ein kunne observera då fleire prominente politikanar og diplomatar frå EU og USA deltok på demonstrasjonane på Maidan-plassen i februar 2014. Den

internasjonale domstolen i Haag forsterka folkerettens forbod mot innblanding i indre tilhøve i dommen i 1986 mot USA for politikken overfor Nicaragua.¹⁴

Ein interessant parallell til anneksjonen av Krim var stillinga til Kosova i samband med Natos åtak på Serbia. Gryande mistanke om vestlege planar om ekspansjon austover slo ut i russisk raseri då Nato gjekk til åtak mot Serbia i 1999, for øvrig utan FN-mandat, eit viktig vendepunkt i Russlands forhold til vesten.¹⁵ Alle resolusjonane i tryggingrådet framfor Nato sin invasjon og også etter invasjonen uttrykte at det var viktig å garantera Serbia sin territoriale integritet. Når så ei rekke vestlege land anerkjente Kosovo som sjølvstendig stat i 2008, ga det eit legitimeringsgrunnlag for russiske anerkjenningar av dei to separatistiske regionene i Georgia, Abkhasia og Sør Ossetia. Dette vart forsterka då den internasjonale domstolen i 2010 uttalte at anerkjenninga av Kosovo «did not violate general international law», noko president Putin siterte i det russiske parlamentet i mars 2014.¹⁶ Det som er felles for dei statsvitarane av den realistiske skole som eg har sitert her, er at dei ser det som har skjedd som ein geopolitisk kamp, der Putin ikkje har opp-tredd upredikerbart, som mange vestlege kommentatorar har meint, men «quite predictable if one sees it as rooted in the Westphalian balance of power», som Müllerson formulerer det.¹⁷ Felles for dei alle er at dei russiske handlingane må sjåast i lys av russiske erfaringar med åtak frå vest og ein nasjonalisme basert på a «siege mentality», ein innleiringsmentalitet.

Det springande punktet er om det er idealistane eller realistane som har rett når det gjeld kva den russiske politikken er uttrykk for: Ekspansjonisme eller tryggingpolitikk. Som Stephen Walt, professor i internasjonal politikk ved Harvard University, formulerer det: Det var feil å følgja ein appeasementpolitikk overfor ein ekspansjonistisk stat som Nazi-Tyskland i 1938, Tyskland skulle vore møtt med avskrekking, men det er også feil å føra en avskrekkingspolitikk overfor ei stormakt som føler seg pressa opp i eit hjørne og er styrt av tryggingpolitiske motiv.¹⁸ Og då er vi tilbake til spørsmålet om drivkrefter bak Russlands politikk.

Ekspansjonisme eller tryggingpolitikk?

I det vidare vil eg visa at denne spenninga i oppfatningar om sovjetisk og russisk politikk har gjort seg gjeldande heilt sidan andre verdskrigen. Kor viktige er dei sovjetiske erfaringane med den andre verdskrigen som grunnlag for sovjetiske og seinare russiske vegval? Russland hadde fire gonger i løpet av 120 år opplevd å bli invadert frå vest, med auka omfang av lidningar frå gong til gong. Denne siste gongen var det samla sovjetiske tapet på 26 millionar døde, eit tal så ufatteleg høgt at det knapt er mogleg å forstå i vest. Til dette kom kjensla av å stå aleine mot dei mektige tyske styrkane. Fram til

D-dagen i juni 1944 var det først og fremst i aust krigen gjekk føre seg, dei sovjetiske styrkane stod aleine mot 80 prosent av dei samla tyske styrkane.

Spørsmålet om kor viktig denne erfaringa var for sovjetisk politikk i etterkrigsåra har vore omstridd. Særleg gjeld det spørsmålet om den gradvise innstramma i Aust-Europa og omskapinga av desse statane til klientstatar. Ja, dette var sjølve det skiljande punktet i den tidlege kaldkrigsdebatten blant historikarane. Var etableringa av ein buffer mellom Sovjetunionen og Vest-Europa av sovjetlojale statar eit tryggingstiltak, som førte til auka tilstramming i desse landa etter som den kalde krigen tiltok i 1947, tryggingstiltak som må sjåast i lys av erfaringane med vestleg intervensjon?¹⁹ Eller var det ei følgje av ein ibuande ekspansjonisme i sovjetkommunismen? Grunnleggjande for delinga av Europa var politikken overfor den slagne motstandar, Tyskland. Var Sovjetunionens politikk for ei nøytralisert og samla Tyskland uttrykk for at makthavarane i Moskva ville passivisera Tyskland, som dei sjølv hevda, eller låg det bak dette at eit samla Tyskland i neste omgang kunne pressast inn i austblokka? Det er ikkje rom for å gå inn i denne diskusjonen her, bare peika på at dei sovjetiske leiarane i interne fora ga uttrykk for at det var betre med eit borgarleg styrt, nøytralt og passivisert Tyskland enn eit kapitalistisk vest og eit kommunistisk aust i samband med at Sovjetunionen på ny i 1952 lanserte tanken om eit samla Tyskland i staden for eit land delt i to statar.²⁰ Dette var jo synspunkt som kom til uttrykk på kammeret, her var ikkje verdsopinionen tilhøyrarar.

Det er klart at Sovjetunionen med Stalin som leiar var ein foruroligande faktor i det internasjonale biletet. Det skuldast ikkje minst hans innanrikspolitikk, med totalitære metodar overfor opposisjonelle med fellestrekk med antagonisten Hitler sine. Men det skuldast også hans utanrikspolitikk, der åtaka på Polen og Finland og anneksjonen av dei baltiske landa i den andre verdskrigens innleiande fase framleis stod sterkt i minnet. Til dette kom tilstramma og staliniseringa av dei austeuropeiske statane i tida etter krigen. Dette ga assosiasjonar til Hitlers ekspansjonisme. Desse bileta av Stalin som ein ny Hitler prega dei vestlege responsane på sovjetisk politikk. Mens haldninga på Jaltakonferansen var at det var rimeleg at Sovjetunionen skulle ha ein buffer av statar som ikkje var fiendtlege, etter dei store tapa og ut frå erfaringane med at dei fleste av desse statane var allierte med Tyskland, så endra dette seg til å sjå politikken overfor desse statane ikkje bare som i strid med føresetnadene om frie val, men også som ekspansjonisme. Det same gjaldt synet på det nordkoreanske åtaket på Sør-Korea sommaren 1950, den hendinga som meir enn noko anna gjorde den kalde krigen til eit globalt fenomen. I samtida vart Koreakrigen feilaktig oppfatta som ein del av ein sovjetisk ekspansjonsplan. I samtida visste ein ikkje at Stalins klarsignal kom etter lang tids press frå Kim Il Sung, eit prominent døme på korleis halen viftar med hunden, ut frå frykt for å mista det verdskommunistiske hege-

moniet til Kina og fordi Stalin oppfatta amerikanske signal slik at Korea låg utanfor det amerikanske tryggingssområdet i Asia.²¹

Men kva så med forholdet mellom aust og vest etter at Stalin døde og Koreakrigen tok slutt i 1953? Då kom det eit grunnleggjande skisma i vest, mellom dei som meinte at dei nye makthavarane måtte takast på alvor når dei tok eit oppgjær med Stalin-tida og ville ha fredeleg sameksistens, og dei som meinte at dette var tom retorikk som skulle kamuflera ein framleis ekspansjonistisk ideologi. Desse ulike måtane å sjå på Sovjetunionen som utanrikspolitisk aktør, som anten ein stat som andre statar, rett nok med ein autoritær og undertrykkande politikk på heimebane, eller som eit parti, ikkje ein rasjonell statleg aktør, låg til grunn for to ulike strategiar, som historikaren Stian Bones har argumentert for: Framleis kompromisslaus oppdemming eller kritisk dialog.²² Dette skismaet gjorde seg gjeldande i alle vestlege land, i Norge personifisert med den i samtida skjulte konflikten mellom partileiar Einar Gerhardsen og partisekretær Haakon Lie. Det var også element av eit slikt skisma i den amerikanske administrasjonen, mellom presidenten Eisenhower og utanriksministeren Foster Dulles.²³ Med statsvitaren Alexander Wendt kunne vi seia at det var ulike bilete av karakteren til den internasjonale politiske kulturen, alt etter om ein såg antagonistane som rivalar eller som fiendar.²⁴

Svært mykje taler for at den stadig uttalte sovjetiske frykta for tysk revansjisme, heilt opp til gjennomslaget for Willy Brandts austpolitikk ved inngangen til 1970-talet (som han fekk Nobels fredspris for), faktisk var reell, ikkje retorikk for å legitimera undertrykking i aust. Og då har vi å gjera med ein av dei viktigaste verknadene av den andre verdskrigen på det internasjonale samfunnet. I nyare litteratur om Bresjnevs avspenningspolitikk fram til slutten av 1970-talet er det nettopp eit poeng at hans opplevingar frå andre verdskrigen låg til grunn for at han nedkjempa ortodokse krefter i det sovjetiske kommunistpartiet som var motstandar av den europeiske form for avspenning, den som leia fram til Helsinkiavtalen i 1975.²⁵ Den innebar at Sovjetunionen forplikta seg på auka menneskeleg kontakt over jernteppet og på å respektera menneskerettane. Dette ga eit kraftig oppsving for dissidentane i aust.²⁶

Den avspenninga mellom supermaktene som toppa seg i byrjinga av 1970-talet med Salt 1- og ABM-avtalen og som vart utdjupa gjennom den europeiske avspenninga gjennom Helsinkiprosessen, var basert på at dei to antagonistane var rivalar meir enn fiendar. Denne relative idyllen gjekk tapt på slutten av 1970-talet og nokre år framover. Eg skal ikkje rekapitulera den negative spiral av forsterka fiendebilete og gjensidig mistru som bygde seg opp på slutten av 1970-talet, bare minna om at det også denne gongen handla om biletet av Sovjetunionen som grunnleggjande ekspansjonistisk og om eit nypussa bilete av supermakta som fiende. Den sovjetiske invasjonen i Afghanistan jula 1979 er også eit godt døme på korleis spørsmålet om

ekspansjonisme eller tryggingpolitikk blir avgjerande for vestleg respons. Invasjonen vart fordømd av eit overveldande fleirtal i FN, inklusive heile den muslimske verda og sentrale land i den alliansefrie rørsle. USA var leiande i fordømminga og etablering av ein sanksjonspolitik. Sett frå eit amerikansk perspektiv hadde Sovjetunionen i ly av avspenningspolitikken på 1970-talet gjort store globale framrykkingar. Og på toppen av det heile kom den islamske vekkinga som feia vekk USAs høgt prioriterte støttespelar i Iran, sjahan. Så kom utplasseringa av nye mellomdistanseraketar i aust, SS 20, radikalisering i Mellom-Amerika – og så til slutt den sovjetiske innmarsjen i Afghanistan. Alt dette vart sett inn i ei forståingsramme av sovjetisk ekspansjonisme.

I Moskva såg dette heilt annleis ut. De nye sovjetorienterte regimet hadde i hovudsak kome til makta av eigen kraft – og kvifor skulle ikkje Sovjetunionen ha same rett som USA til å vinna allierte rundt om i verda? For Sovjetunionen vart heller ikkje utviklinga oppfatta som ei lineær styrking. Sovjetunionen vart kasta ut av Egypt ved inngangen til 1970-talet, og den islamske vekkinga i Iran var like mykje antisovjetisk som antiamerikansk – og islamismen truga også med å slå inn i periferien av det sovjetiske imperiet, talande framstilt i tittelen på Hélène Carrère d'Encausse si bok *Imperiet rakner*, utgitt i 1978 (på norsk i 1980). Og sett frå Moskva var invasjonen i Afghanistan eit defensivt trekk for å halda oppe eit vennlegsinna regime i eit naboland som Sovjetunionen i fleire tiår hadde rekna til sin interessesfære. I 1978 hadde kommunistane tatt makta, utan at Sovjetunionen hadde medverka der – og nå var partiet truga av indre oppløysing og landet av borgarkrig, der islamistiske motstandsgrupper hadde bygd seg opp. Hundrevis av sovjetiske rådgivarar var blitt drepne, og på dette tidspunktet var det også klart at USA ville rusta opp opprørarane via Pakistan. Dei sovjetiske leiarane var klar over at invasjonen kunne setja avspenningspolitikken i fare, men då var det alt klart at Salt 2 truleg ikkje ville blitt ratifisert på amerikansk side og at Nato hadde gjort sitt dobbeltvedtak.²⁷ I stigande grad fekk dessutan Sovjetunionen problem i sin eigen bakgård, etter at dissidentgrupper hadde poppa opp i land etter land kjølvatnet av Helsinkiavtalen av 1975.

Mest alvorleg var situasjonen i Polen, sett frå sovjetisk og dei aust-europeiske partidiktura si side. Den uavhengige fagorganisasjonen Solidaritet utfordra kommunistpartiet sitt maktmonopol, og i desember 1981 vart dette opprøret møtt med militær unntakstilstand.²⁸ Det vart i vest oppfatta som eit tiltak pressa fram frå Moskva, med trussel om sovjetisk invasjon – slik som i Tsjekkoslovakia i 1968. At det sovjetiske politbyrået sommaren same år vedtok å ikkje intervensera i høve til krisa i Polen, sjølv om den truga det polske kommunistpartiet sitt maktmonopol, var jo ikkje kjend i samtida.²⁹ Det internasjonale klimaet i desse åra, då president Reagan utropte Sovjetunionen til «vondskapens imperium», var prega av eit sterkt oppdrive fiende-

bilete på begge sider, og sterk polarisering – også internt i dei vestlege landa, ikkje minst i Nord-Europa.

Aldri har det til dømes vore så sterkt kløyving i den norske tryggingpolitiske debatten, slik det også var tilfelle i den danske. Willoch-regjeringane berga seg fleire gonger med ei stemmes overvekt i Stortinget. Debatten om ein skulle sjå på Sovjetunionen som fiende som bare kunne møtast med militær styrkeoppbygging eller om det var rom for dialog, låg i botnen for den tryggingpolitiske debatten – som også nå var festa i samfunnet på ein mykje breiare måte enn tidlegare, i fredsørsla, kyrkja og i fagrørsla. Eit grunnleggjande skilje mellom Høgre og opposisjonen gjaldt vurderinga av invasjonen i Afghanistan: Var det slik, som til dømes Willoch hevda, at denne viste at Sovjetunionen kunne invadere nabostatar når det var opportunt, det vil seia at også Norge var i faresonen, eller var det slik at Sovjetunionen sin politikk i Afghanistan måtte vurderast i høve til den regionale situasjonen og ikkje hadde overføringsverdi til nordområda, slik utanriksminister Knut Frydenlund la til grunn? Det var sjølv sagt også andre faktorar som eg ikkje rekk å gå inn på her, slik som utplasseringa av dei sovjetiske SS 20-rakettane og Natos dobbeltvedtak.³⁰ Så intens var denne polariseringa internasjonalt at 1983 har blitt rekna som eit år med like stor fare for at den kalde krigen skulle bli varm, skulle slå om i atomkrigens utslettingskrig, som under Cubakrisa 21 år tidlegare.

Brubyggingspolitikk i nord

I høve til dei problemstillingane eg reiste innleiingsvis, om sovjetisk og russisk politikk har vore basert på ekspansjonisme eller tryggingssyn, er erfaringane frå Europas nordvestre hjørne interessante. Under andre verdskrigen dukka ideen om at Sovjetunionen kunne ha ekspansjonistiske ønskemål opp fleire gonger, og like mange gonger vart det presisert frå Stalin og Molotov at Sovjetunionen ikkje hadde territoriale krav overfor Norge, som heile tida vart rekna til den vestlege interessesfæren. Etter at Halvdan Koht vart avløyst av Trygve Lie som utanriksminister i november 1940, satsa Londonregjeringa alt på det atlantiske kortet. I Lies såkalla Atlanterhavspolitikkk låg det ein politikk for etterkrigstida der Norge skulle ha basar på dei nordatlantiske øyene og USA og Storbritannia skulle ha basar i Norge. I dette perspektivet eksisterte ikkje Norden og Sovjetunionen som storleikar å bry seg om. Men han kom etter kvart på andre tankar. Etter operasjon Barbarossa, det tyske åtaket på Sovjetunionen i juni 1941, vart frykta for å stå aleine med Sovjetunionen i nord aukande. Då det i mai 1944 vart klart at dei allierte satsa på eit kontinentalt åtak og at Finland før eller seinare ville bli tvungen til å skifta side, vart den norske brubyggingspolitikken fødd. Som den einaste av dei okkuperte landa, ved sida av Tsjekkoslovakia, gjorde den norske eksilregjeringa ein likelydande avtale om bistand til frigjering med både

USA, Storbritannia og Sovjetunionen. Lie hadde lært ei lekse: Naboskapet med Sovjetunionen var geopolitisk skjebne – og ein politikk for eit godt forhold til dei vestlege stormaktene måtte balanserast med ein politikk for tillitsbygging og eit godt naborforhold med stormakta i aust.³¹

Brubyggingspolitikken var basert på at Atlanterhavspolitikken var for snever, Norge kunne ikkje oversjå Sovjetunionen som ein mektig nabo i nord. Det var ein viktig lærdom frå krigen som vart innbakt også i norsk Nato-politikk. I det norske natomedlemskapet var det sterke element av brubygging, knytt til baseerklæringa frå 1949 om å ikkje ha utanlandske basar på norsk territorium og andre sjølvpålagte restriksjonar på medlemskapet (slik som atomvåpenpolitikken og restriksjonar på alliert aktivitet i Finnmark).³² Ein av desse sjølvpålagte restriksjonane gjaldt spørsmålet om vesttysk deltaking i Natoøvingar. Heilt fram til 1980-talet tok Norge særlege omsyn til Sovjetunionen på dette punktet, fordi dette var eit særleg ømtåleleg spørsmål for dei sovjetiske leiarane.³³ Alt dette var det tryggingpolitiske grunnlaget for at Norge etter Stalins død var den fremste vestlege representanten for kritisk dialog mellom aust og vest. Det har blitt spreidd i ei feiloppfatning i litteraturen om Gerhardsens markante dialoglinje i kjølvatnet av antagonisten Haakon Lie si første memoarbok, «Slik jeg ser det» (1975) om at dei utspela som kom i samband med møtet i Moskva hausten 1955, hans verdskjende tale på Natos statsleiar møte i Paris i desember 1957 og etterfølgjande initiativ for å få til eit toppmøte mellom Eisenhower og Khrusjtsjov, var uttrykk for amatørisme og sovjetnostalgi. Gerhardsen skulle, i slike framstillingar, ha stått ganske aleine i Arbeidarpartiets leiing om denne haldninga.³⁴

Dette er etter mi meining grunnleggjande feil. Gerhardsen hadde forankring i leiinga, og frå 1955 var utanriksminister Halvard Lange og statsministeren i all hovudsak på linje. Denne dialoglinja i politikken overfor Russland vart rett og slett hegemonisk frå midt på 1950-talet – under skiftande regjeringar – heilt fram til den kalde krigens oppløysing ved inngangen til 1990-talet, med unntak av perioden med Willoch-regjeringar i første halvdel av 1980-talet. Denne samarbeidslinja vart faktisk forsterka på slutten av 1970-talet, i ei tid med sterkt aukande spenningar, på grunn av det felles ansvaret for forvaltninga av dei svære fiskeressursane i Barentshavet etter utviding til 200 mils sone.³⁵

Denne dialog- og samarbeidslinja vart kraftig forsterka på slutten av 1980-talet, etter Gorbatsjovs vidkjende Murmansk tale i 1987, der han slo til lyd for å gjera Arktis til ein fredens sone. Etter den kalde krigen vart lågspenningspolitikken i nord institusjonalisert gjennom opprettinga av Barentsregionen i 1993. Det var ein genuin transnasjonal regional nydanning, forankra både i dei nordlege regionane og i statane. Føremålet var å skapa institusjonalisert tillit, gjennom samanveving av økonomisk, politisk og kulturelt samkvem. Ein annan slik arena har vore Arktisk råd (etablert i

1996), som har som medlemmer alle dei åtte statane som blir rekna som arktiske og dessutan har med mange andre land som observatørar, slik som til dømes Kina og India. I Arktisk råd er det semje om at det er folkeretten og inngåtte avtalar som skal gjelda, og det er brei semje om at Russland under Putin i nord ønsker å framstå som ein sivilisert partner, på folkerettens grunn. På det bilaterale norsk-russiske planet har det vore ei stadig utviding av samarbeidet, på mange område, med løysinga av den 40 år gamle striden om delelinja i Barentshavet i 2011 som krona på verket. Den felles forvaltninga av fiskeressursane i Barentshavet er ei suksesshistorie, som starta med dei første samarbeidstiltaka på slutten av 1950-talet og vart institusjonalisert med ein felles fiskerikommisjon i 1976, i samband med planane om å etablera 200-milssoner (frå 1977). Etableringa av ei felles fiskeriforvaltning kom på eit tidspunkt med sterk spenningsauke, så sterk at ein i samtida snakka om den andre kalde krigen.³⁶ Her har det vore ein kontinuitet i forholdet mellom dei to statane om lågspenning og samarbeid i nord. Symptomatisk er det då også at krisa i Georgia i 2008 praktisk talt ikkje slo inn i relasjonane i nord. Her var det «business as usual».³⁷

Vegen ut av konfrontasjonspolitikken

Krisa i Ukraina våren 2014 skapte vesentleg større bølger enn den i Georgia seks år tidlegare, med svært sterke vestlege reaksjonar. Kva var det som skjedd mellom Georgia 2008 og Ukraina 2014? Norge har valt å slutta rekke med andre vestlege land og delta uavkorta i sanksjonspolitikken. Alt i slutten av mars 2014 kunngjorde utanriksminister Børge Brende dette i Stortinget, men han knytte an til ei lang line i norsk naboskapspolitikk overfor Russland då han sa at Ukraina-spørsmålet ikkje var eit bilateralt spørsmål mellom Norge og Russland: «Norge ønsker å videreføre den gode kontakten som allerede finnes mellom våre to folk – den som har ført til åpnere grenser og større gjensidig forståelse, ikkje minst i nord». Etter dette peikte dei fleste teikn likevel mot at Norge slutta stadig tettare front med EU og Nato, blant anna kritisert av Mette Kongshavn, tidlegare statssekretær for Høgre på 1980-talet og seinare diplomat, blant anna i Organisasjonen for samarbeid og sikkerhet i Europa.³⁸ Dette har kome til uttrykk både i politiske haldningar og i retorikk, som i forsvarsminister Ine Eriksen Søreides kjende fråsegn på CNN i februar 2015 om at «det er ikkje mulig å gå tilbake til den gamle normaliteten» og statsminister Erna Solberg utfordrande utspel på Høgres landsmøte same våren om at Norge må visa musklar overfor Russland.³⁹ I samband med den plutselige auken i asylstraumen over Storskog på grensa mot Russland hausten 2015 såg det ut som om at innvandringspolitikk trumfa tryggingspolitikken. Manglande dialog med den russiske sida i den innleiande fasen og den seinare bygginga av eit 200 meter langt grensegjerde, utan praktisk betydning men med tung symbolikk

(karakterisert av historikaren Lars Row som «et monument over norsk mistillit»), viser at her hadde utanriksministeren abdisert til fordel for markeringsbehov frå justis- og innvandringsministrane.⁴⁰

Det er fleire problematiske sider ved dette. Det eine ser ut til å vera at ein fell tilbake til høgresidas posisjonar under den kalde krigen: Sovjetunionen vart då sett som kva som helst slags nasjonalstat, ikkje som det svære imperiet det var – med ulike interesser og ulike strategiar i ulike delar av det. Som under den kalde krigen, blir Norge i dag av Russland rekna som tilhøyrande ein vestleg interessesfære, i ein region der Russland, som på Sovjetunionen i si tid, har interesse av lågspenning og samarbeid. Norge vil ikkje få hjelp av våre allierte dersom det til dømes skulle bli konflikhtar knytt til forvaltninga av Barentshavet eller i rettstvistar om Svalbard. Viktigare er det likevel at den nåverande udifferensierte posisjonen, vilkårslaus oppslutning om den vestlege konfrontasjonskursen overfor Russland, blokkerer for to vegar ut av uføret. Nordområda har potensial for å vera ein råk i isen av aukande mistillit og gjensidige fiendebilete som byggjer seg opp mellom aust og vest, ein plattform for å manøvrera ut av ein fastlåst situasjon. Men nordområda kan også være ein modell for ei løysing av dagens Ukraina-krise, ein modell som har vore, og er, basert på langsiktig bygging av tillit og gjensidig forståing.

Og då er vi tilbake til utgangsspørsmålet: Russiske ekspansjonisme eller tryggingpolitikk? Og tilbake til Stephen Walt sitt poeng, referert til innleiingsvis: Det var feil å følgja ein appeasementpolitikk overfor ein ekspansjonistisk stat som Nazi-Tyskland på 1930-talet, men det er også feil å føra ein avskrekkingpolitikk overfor ei stormakt som Russland som føler seg pressa opp i eit hjørne og er styrt av tryggingpolitiske motiv. Det ser ut som om ein på vestleg side gjer same feilen som overfor Sovjetunionen som stadig viste til tysk revansjisme fram til Willy Brandts austpolitikk: Det blir oppfatta som retorikk og propaganda når dei russiske leiarane med Putin i spissen gjer uttrykk for at dei vestlege landa med USA i spissen driv innsirklingspolitikk med sikte på å tvinga Russland i kne. Alt tyder på at det er slik dei faktisk ser det. Sett frå Moskva er det ikkje slik at Russland under Putin fører ein gammaldags interessesfærepolitikk, dei vestlege rørsleane austover blir tolka som eit tryggingproblem og som utviding av ein vestleg interessesfære – politisk og økonomisk.⁴¹

Denne spiralen av mistru og spenningsaukande aktivitetar, slik som Natos militærøvingar, har blitt nora kraftig opp av kampanjeliknande og massiv hets mot Russland, med assosiasjonar til tidlegare tiders russofobi. Vi har sett det tydleg i Sverige, slik det er vist i ein brei oversiktsartikkel om dette i magasinet Filter.⁴² Det er tallause døme på svært alarmistiske og antirussiske utspel frå kommentariatet og politikarar i USA.⁴³ Vi finn tilsvarende oppslag i like stort mon i Storbritannia. I Europa ser det ut som om det er liberale krefter som er mest oppøste og som vurderer Ukrainakrisa på eit reint

prinsipielt grunnlag, noko som svenske Dagens Nyheter og britiske The Guardian er uttrykk for. Også i Norge har det vore sterke uttrykk for ein ny russofobi.⁴⁴ Det sterkaste uttrykket for dette kan ein finna på nettstaden med det symbolmetta namnet «Aldri mer». Her blir finnmarkingar – på ny – stempla som nasjonalt upålitelege, her blir det fantasert om russisk hybridkrig, her blir Aust-Finnmark samanlikna med dei russisk-dominerte regionane i Ukraina på grunn av det russiske befolkningsinnslaget her, her finn ein konspirasjonsteoriar om hemmelege tillegg til den norsk-russiske delelinjeavtalen frå 2011 etc.⁴⁵

I debatten etter framlegginga av regjeringas langtidspan for forsvaret frå juni 2016 er det tydeleg at dei siste restar av sjølvpålagte lågspenningstiltak blir bygd ned, med einseitig vektlegging av avskrekkingsspolitikk overfor Russland. I oktober 2016 kunne det sjå ut som at den viktigaste av dei, basepolitikken, stod for tur med planane om fast stasjonering av amerikanske styrkar i Trøndelag, i tråd med tankar forsvarssjef Haakon Bruun-Hanssen tidlegare hadde gitt uttrykk for.⁴⁶ Den norske baseerklæringa frå 1949, stadfesta fleire gonger seinare, har vore den viktigaste lågspenningstiltaket fordi det Sovjetunionen før og Russland nå fryktar mest er at andre makter skal etablere basar i Norge. Det er då også hovudproblemet ved at Norge nå ser ut til å byggja ned forsvaret i nord, det opnar for ei russisk frykt for at USA i ein krisesituasjon vil setja seg fast der. Politikken for å svekka hæren til fordel for militære satsingar som er særleg tilpassa allierte, og særleg amerikanske, behov, må sjåast i denne samanhengen – som ein politikk for å lena seg meir einseitig mot avskrekking som tryggingsspolitisk strategi, bort frå den medvitne politikken for lågspenning og tillitsbygging som har vore ein berebjelke i norsk tryggingsspolitikk etter 1945.⁴⁷ Det tar lang tid å byggja opp tillit, det går fort å riva det ned.

Kva er så vegen ut av dette uføret? Det er tvillaust ein lang veg å gå, situasjonen er nå mykje meir fastlåst enn etter Georgiakrisa i 2008. USA fører oppdemnings- og roll-back-politikk av kald-krigs-merke mot Russland. Eit utgangspunkt bør likevel vera det som presidenten i Europakommisjonen, Jean-Claude Juncker, sa i oktober 2015: «Russia must be treated decently. We can't let our relationship with Russia be dictated by Washington».⁴⁸ Det stiller krav til begge sider. Russland må sjølv sagt avslutta sin undergravingspolitikk overfor Ukraina. Nato må erklæra at det er ikkje planar om vidare ekspansjon inn i Russland sine nabostatar. Ukraina må kunna gjera sine eigne val, men den nåverande kursen fører landet utover stupet, som vist av Nicolay Petro, amerikansk statsvitar som også har vore rådgivar for George Bush senior, i ein artikkel i *The Guardian* i mars 2016.⁴⁹ Ukraina må føra ein langsiktig politikk for brubygging og tillitsskaping, slik Norge har gjort gjennom meir enn 70 år. Det handlar om å forstå den andre, om å forstå vår eiga tid gjennom refleksjon over historiske erfaringar.

NOTER

- 1) Se Andrew Wilson, *Ukraine Crisis. What it means for the West*, Yale University Press, New Haven and London 2014 for ei samhengjande framstilling ut frå eit slikt perspektiv.
- 2) John J. Mearsheimer, «Why the Ukraine Crisis IS the West's Fault: The Liberal Delusions That Provoked Putin», *Foreign Affairs* 93.5, Sep/Oct 2014, s. 77-89.
- 3) Timothy Garton Ash, «There'll be no peace while Putin is squatting in Ukraine's living room», *The Guardian* 17.2.2015.
- 4) *Dag og Tid*, 6.2.2015.
- 5) *Washington Post* 5.3.2014, <https://www.washingtonpost.com/news/post-politics/wp/2014/03/05/hillary-clinton-says-putins-action-are-like-what-hitler-did-back-in-the-30s/>
- 6) Mearsheimer, «Why the Ukraine Crisis IS the West's Fault».
- 7) Robert Legvold, *Return to Cold War*, Cambridge, Polity Press 2016, s. 99.
- 8) Mearsheimer, «Why the Ukraine Crisis IS the West's Fault».
- 9) <http://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/?uri=CELEX%3A52013PC0290>. Lasta ned 3.2.2017.
- 10) Reuters 14.2.2014. <http://www.reuters.com/article/us-ukraine-russia-eu-idUSBR EA1D0PT20140214>.
- 11) Jf. Perry Anderson, *American Foreign Policy and Its Thinkers*, Verso, London, kap. 7-8 for ein analyse av dette.
- 12) Henry Kissinger, *World Order. Reflections on the Character of Nations and the Course of history*, Allen Lane, London 2014, s. 373.
- 13) Samuel R. Huntington, *The Clash of Civilizations and the Remaking of World Order*, Touchstone Books, London 1998 (1996), s. 163-168. Dette poenget vart eg gjort merksam på av Oddbjørn Melle i ein artikkel i Klassekampen 29.1.2015.
- 14) Rein Müllerson, «Geopolitics dressed in the language of law and morals. The case of Ukraine», <http://www.eurozine.com/geopolitics-dressed-in-the-language-of-law-and-morals/> 19.11.2014.
- 15) Legvold, *Return to Cold War*, op. cit, s. 98, jf. Julie Wilhelmsen, «Russland, folkeretten og militær intervensjon: Selektiv prinsippfasthet», *Internasjonal Politikk* 1/2014, s. 139.
- 16) Det er sjølvstøtt viktige prosedyreskilnader mellom Kosovo og Krim, jf. Wilson, *Ukraine Crisis*, op. cit., s. 197, men det er likevel forståeleg at det prinsipielle innhaldet kan bli vurdert likt – slik det også, sett frå Moskva, kan vera vanskeleg å sjå skilnaden mellom Russlands «hybride krig» i Ukraina og vestens hybride krig i Syria, eller for den saks skuld USAs hybride krig mot Cuba gjennom fleire tiår.
- 17) Müllerson, «Geopolitics...», op. cit.
- 18) Stephen Walt, «Why Arming Kiev Is a Really, Really Bad Idea», *Foreign Policy*, d. 9.2.2015, <http://foreignpolicy.com/2015/02/09/how-not-to-save-ukraine-arming-kiev-is-a-bad-idea/> (lest 3.2.2017). Walt viser her til Robert Jervis si klassiske bok, *Perceptions and Misperceptions in International Politics* (1976).
- 19) Eg diskuterer dette i Hallvard Tjelmeland, *Den kalde krigen*, Det norske Samlaget, Oslo 2006, kapittel 2.

- 20) Wilfred Loth, «The German question from Stalin to Khrushchev: The meaning of new documents», *Cold War History*, nr. 2 2010, s. 229-245.
- 21) Kathryn Weathersby, «New Findings on the Korean War» (overs. komm), i *Cold War International History Project Bulletin*, utgivelse 3, høst 1993, s. 1, s. 14, Arnold A. Offner, *Another Such Victory. President Truman and the Cold War, 1945-1953*, Stanford, California 2002, s. 356 ff.
- 22) Stian Bones, «Med viten og vilje: Einar Gerhardsens reise til Sovjetunionen i 1955», *Nytt Norsk Tidsskrift* 3/2006, s. 276-286.
- 23) Stian Bones, Aleksej Komarov og Hallvard Tjelmeland, «Tøvær», kapittel 14 i Sven Holtsmark (red.), *Naboer i forventning og frykt*, Pax forlag, Oslo 2015.
- 24) Alexander Wendt, *Social Theory of International Politics*, Cambridge University Press, Cambridge 1999. Wendt sin typologi er brukt på eit norsk materiale i Hallvard Tjelmeland, «Border as Barrier and Bridge: The Norwegian-Soviet/Russian Border as a Political and Cultural Construction», Kimmo Katajala, Maria Lähteenmäki (Eds.), *Imagined, Negotiated, Remembered. Constructing European Borders and Borderlands*, Zürich/Berlin, LIT Verlag.
- 25) Vladislav M. Zubok, *A failed empire. The Soviet Union in the Cold War from Stalin to Gorbachev*, Chapel Hill, The University of North Carolina Press 2007, s. 224 ff.
- 26) Vladislav M. Zubok, *Zhivago's Children. The Last Russian Intelligentsia*, Cambridge, Massachusetts, London, The Belknap Press of Harvard University Press 2011, ss. 267 f, 300, 306.
- 27) Zubok, *Zhivago's Children*, ibid, s. 102 ff.
- 28) I parentes kan nemnast at Vardøgers redaksjonsråd mobiliserte til ein demonstrasjon utanfor den polske ambassaden like etter, heilt sikkert den første demonstrasjonen i Norge – kanskje i Europa.
- 29) Matthew J. Ouimet, *The Rise and Fall of the Brezhnev Doctrine in Soviet Foreign Policy*, Chapel Hill, North Carolina 2003, ss. 172, 201 f.
- 30) Dette er utførleg diskutert i Hallvard Tjelmeland, «Ny kald krig og nye fiendebilder», kapittel 20, i Sven Holtsmark (red.), *Naboer i frykt og forventning*, Oslo, Pax forlag, kapittel 20.
- 31) Dette blir drøfta i Hallvard Tjelmeland, «Oppkomsten av norsk brubyggingspolitikk», Fredrik Fagertun (red.), *Krig og frigjøring i nord*, Orkana Akademisk, Stamsund 2015, s. 55.
- 32) Ibid, s. 57 f.
- 33) Jf. til dømes Tjelmeland, «Border as Barrier and Bridge», op.cit.
- 34) Haakon Lie, *Slik jeg ser det*, Oslo, Tiden 1975, ss. 112, 115. Per Øyvind Heradstveit, *Einar Gerhardsen og hans menn*, Oslo, Cappelen 1981: ss. 207, 206, 209, Finn Olstad, *Einar Gerhardsen – en politisk biografi*. Universitetsforlaget, Oslo 1999, ss. 331, 333, 355, Eirik Wig Sundvall, *Gerhardsens valg. Arbeiderpartiets tunge avskjed med Sovjetunionen*, Gyldendal, Oslo 2016, s. 253-256.
- 35) Gerhardsens politikk overfor Sovjetunionen i siste halvdel av 1950-talet er drøfta i Bones, Komarov og Tjelmeland, «Tøvær», op.cit., Bones, «Med viten og vilje», op. cit., Hallvard Tjelmeland, «'En utenrikspolitisk amatør'? Einar Gerhardsen som statsmann 1955-1958», *Arbeiderhistorie* 2009. Jf. også

- Bjørnsen, Vidar og Stian Bones, «Grenser, gråsoner og fisk», kapittel 19 i Sven Holtmark (red.), *Naboer i forventning og frykt*, Pax forlag, Oslo 2015.
- 36) Bjørnsen og Bones, *ibid*.
 - 37) Turid Vaage og Indra Øverland, «Norsk-russisk handel, noe for seg selv? Nord-Norge i et globaliseringsperspektiv», i Svein Jentoft, Jens-Ivar Nergård, Kjell Arne Rørvik (red.), *Hvor går Nord-Norge? Tidsbilder fra en landsdel i forandring*, Orkana Akademisk, Stamsund 2011.
 - 38) Mette Kongshem, «Kunnskap om Russland er mangelvare», *Aftenposten* 14.2.2015, Mette Kongshem, «Russland – en sikkerhetspolitisk trussel?», i Aslak Storaker (red.), *Sikkerhetspolitiske veivalg. Skjebnefellesskap med USA og NATO*, Progressivt forlag, Oslo 2016.
 - 39) NTB 25.2.2015, <https://web.retriever-info.com/services/archive/displayDocument?documentId=05501320150225RED150225212714jff00&serviceId=2>, lasta ned 6.2.2017, og Dagbladet 25.4.2015, <https://web.retriever-info.com/services/archive/displayDocument?documentId=05500720150425f300485684b2b64e696632a7ab3ee3e8&serviceId=2>, lasta ned 6.2.2017.
 - 40) Lars Rowe, Storskog, «Når innvandringspolitikk og sikkerhetspolitikk kolliderer», *Aftenposten* 8.1.2017.
 - 41) At dette er Russlands oppfatning blir også uttrykt av Stephen F. Cohen i eit intervju med on-line-magasinet *Salon* 19.4.2015, http://www.salon.com/-/2015/04/16/the_new_york_times_basically_rewrites_whatever_the_kiev_authorities_say_stephen_f_cohen_on_the_u_s_russiaukraine_history_the_media_wont_tell_you/. Jf. elles Kongshem, «Russland – en sikkerhetspolitisk trussel?», op. cit., s. 119.
 - 42) Mattias Göransson, «Den svenska trollfabrikken», *Filter*, august/september 2016.
 - 43) Eit døme her kan vera den amerikanske forskaren og Asia- og Midtaustens-eksperten, visepresident i den nykonservative tenketanken American Enterprise Institute, Danielle Pletka, som i *Newsweek* juli (nettpublisert då) 2015 åtvare mot at dei baltiske landa vil vera neste mål for Putin dersom han ikkje blir stoppa, referert i *Dagbladet* 8.10.2015.
 - 44) Jf. til dømes Kari Aga Myklebost og Jens Petter Nielsen, «Den seige russofobien», *Nordlys*, 26.2.2016.
 - 45) <https://www.aldrimer.no/>. *Dagens Næringsliv* avslørte i ei rekke reportasjar våren 2016 at denne nettstaden var finansiert av pengefolk frå hovudstaden, jf. til dømes *Dagens Næringsliv*, 19.4.2016.
 - 46) *Klassekampen*, 11.10.2016, 14.10.2016, og Hedda Langemyr, *Dagsavisen*, 14.10.2016.
 - 47) Jf. drøftingar av dette i Jacob Børresen, «Småstatens forsvars- og sikkerhetspolitikk i en ny tid», i Aslak Storaker (red.), *Sikkerhetspolitiske veivalg. Skjebnefellesskap med USA og NATO*, Progressivt forlag, Oslo 2016, og i Jacob Børresen, «Kampkraft og bærekraft? Analyse av langtidsplanen for forsvaret 2017-2020», *Norsk Militært Tidsskrift*, 3/2016.
 - 48) <http://www.bbc.com/news/world-europe-34486157>
 - 49) Det er også godt argumentert for at det er ein føresetnad for at den ukrainske økonomien skal koma på fote, jf. Nicolai Petro, «Why Ukraine needs Russia more than ever», *The Guardian* 9.3.2016, <https://www.theguardian.com/world/2016/mar/09/ukraine-needs-russia-nicolai-petro>.